

## KRONIKK

# Diakoniens mulighet – tør eg ta utfordringa?

Foredrag på Nordisk Diakonielev-konferanse i Oslo 24. – 26. februar 1989

– Når eg ser tilbake på det beste i diakon- og diakonissetradisjonen, så ser eg noko av dette: Rastløyse og uro over at den faktiske kristne kyrkja ikkje framstår som tenande og samfunnsomveltande. Forstander Geir Gundersen ved Diakonhjemmet var klar og sterkt i si utfordring til diakonielevane i Norden på konferansen i Oslo i februar.

Av forstander Geir Gundersen

### 1. Korsvegen

Det er ei spanande samanstilling av ord i temaet:  
Diakoni, Mulighet,  
Utfordring, Mot.

Slik eg høyrer desse orda, åndar dei av friskt liv. Dei signaliserar: Slik kan menneskelivet vere. Vågar eg å leva det?

Eg byrjar difor med eit bilet, eit symbol for livet som kristen på jorda. Det blir mi overskrift, bogen over mitt foredrag. Symbolet på det mest sentrale i den kristne tru: Korset. Korset består av to armar: Ein horizontal og ein vertikal. Dei krysser hverandre. Dei to armene kan forlengast mot det uendelige. Det vil alltid vere eit kors.

**Slik tolkar eg dette symbolet:**  
Som kristne lever vi av korset og i korset. Som kristne er vi kalla


til å gå *korsvegen*. Det er ein underleg veg. Det er vegen i to retningar samstundes: innover og utover. For meg har den vegen to dimensjonar. Det er vegen mot Gud, mot alteret, mot livsens kjelder i skaparverket, Ord og sakrament. Det er vegen inn til himmelens gåver. Dei vi treng for å leve.

Vegen innover er samstundes vegen innover i meg sjøl, mot sentrum, hjartet, magen i mitt liv, mot Djupet. Der det blir bestemt kven eg skal vere, der mine tårer og min latter blir fødd. Den som ikkje går den vegen, den som misser kontakten med sitt eige djup, misser seg sjøl – og kan heller ikkje røre ved andre menneske i deira djup. Han kan nok bli aktiv, men aktiviteten blir strev, mas, mærking. Utan liv. Utan kvile. Utan himmel.

Den horisontale armen representerer korsvegen utover. Det er vegen ut i det konkrete, daglege livet. Det er tenesta og misjonens veg. På den vegen handlar det om gjerningar, handlingar. På den vegen er alt synleg. Vi gir og tar. Vi lyfter opp og trykker ned. På den vegen brukar vi sansane våre: Fornuft, forstand, evne til å skilje vesentleg/ubesentleg, sanning/løgn.

Dette er vegen frå alteret og ut i verda. Vegen frå fjellet og ned i dalen. Det er vegen der du møter menneske, dyr, natur – og blir bevisst kva samanheng du står i. Det er vegen der kjærleiken, trua og vona *levast ut*.

Slik er korsvegen. Innover og utover. Samstundes. Det høystrest ut som forskrevinga sin veg, men det er i den forskrevinga du





finn velsigninga. Du kan aldri komme for langt innover eller for langt utover. På korsvegen kan det alltid berre bli meir himmel og meir jord. Meir gudstene-  
ste og meir kjærleik. Meir bøn  
og meir arbeid.

Fra denne overskrifta går vi vidare på korsvegen og tek for oss kvart einskild ord i temaformuleringa.

## 2. Diakoni

**2.1 Kven er størst, den som sit til bords, eller den som ber på bordet? (Luk. 22,27).**

*Vi veit at ordet «tenar» blir brukt som omsetting av to ulike greske ord: Diakonos og doulos. Det siste betyr eigentleg: slave.*

I følgje gresk tankegang var teneste, diakoni – noko mindre-verdig, forkasteleg. Målet for livet var sjølhevding, sjølutfol-

ding. Teneste innebar underkastig og blei sett på som usommelleg for eit fritt menneske.

Bibeltimen kjem i ettermidag. Men eg vil ta fram eitt bibelsk motiv: *Jesu fullstendige omvurdering av begrepet teneste.* Denne omvurderinga heng sammen med Jesu forståing av motsetninga mellom Verda og Guds Rike. I Guds Rike er alt snudd opp ned i høve til verda. I verda handlar det om å vera stor, ha makt, herske over andre. Det er slik det er i verda. Alle veit det. Det er det mektige som teller. I Guds Rike er det heilt omvendt. Her er det *tenaren som er stor.* Det største eit menneske kan gjere (i følgje Guds Rike) er å gi sitt liv, ause sitt liv ut for andre.

*«No vart det ein strid mellom dei om kven som skulle gjelda den største. Då sa Jesus til dei: «Kongane er herrar over folka sine, og dei som rår over dei, vert kalla velgjerarar. Men slik er det ikkje hjå dykk. Den største av dykk skal vera som den yngste, og styraren skal vera som tenaren. For kven er størst, den som sit til bords eller den som ber på bordet?» (Luk. 22,24-27).*

Å tale om diakoniens mulighet i dag, er å tale om muligheten til å leva eit slikt liv på jorda. Korkje meir eller mindre. Jesus har demonstrert at det går an. Han har levd tenarlivet fullt ut. Ved å tømme sitt eige liv, gi det som offer – har han gjort det mulig for menneske å bli fri frå slaveriet under kreftene, makten, herrane i denne verda.

På korsvegen finst det berre ein modell: Jesu sjøl som fullførte sitt liv på korset. *Så radikalt må vi seie det:* Å leve som han, i kontrast til denne verdas målestokkar, er kallet til kvar einaste kristen.

## 2.2. Babettes gjestebod

Forstandaren på Diakonhjem-

met er glad i å gå på kino. Eg vil dele med dykk opplevinga av ein «diakonal» film. Babettes gjestebod.

Filmen teiknar eit bilet av ei menighet på den danske landsbygda. Rundt ein prest, som er ein karismatisk leiar, blir det danna ei gruppe full av menneskeleg og åndeleg liv. Her finn dei låge og små i bygdesamfunnet saman i eit fellesskap som lyfter dei opp i ei sterkt kjensle av eige verd.

Leiaren fell i frå. Det karismatiske sentrum blir borte. Langsamt blir fellesskapet tömt for liv. Etterkvart er det berre konvensjonar, minner om det som var og eit mønster av vanar, som held dei saman.

## Då skjer det noko

Midt i dette forvitrande religiøse og menneskelege fellesskapet kjem det noko nytt. Utanfrå. Ei fransk kokke, Babette, som flykting (!!!) og som tar teneste hos dei to døtrene til den avdøde presten.

Babette syng ikkje salmar. Ho koncentrerar seg om det ho kan, å lage mat. Med heilt enkle middel byrjar ho å gi måltida i fellesskapet *smak og farge.* På sin måte byrjar ho å blåse liv inn i den døde forsamlinga.

(Assosiasjon til norsk *kirkekaffe:* Kva kunne ikkje ha skjedd av fornying i menighetslivet – med litt større tru på kokekunsten!?).

Det skjer meir. Babette vinn 10.000 francs i det franske pengelotteriet. Då spør ho prestedøtrene om lov til ein ting: Å få invitere den forhutla flokken av «halte og blinde» til en *ein fransk middag!*

Stor oppstandelse og mykje motstand. Men ho får klarsignal. Og så set Babette alt inn på eitt kort. Ho satsar alle sine 10.000 francs på sin franske middag – inn på den danske strand kjem

**Forts. neste side**

## KRONIKK

det båtar med dei lekraste, eksotiske rettar.

Eg skal ikkje skildre måltidet. Men det er eit eventyr. Aldri har eg kjent slike dufter på kino!

Babettes franske middag snur opp ned på alt i flokken. Inn i eit stivna, sjølvgodt, fariseisk felleskap kjem det eit menneske som gir alt ho har, som gir seg hen i kjærleik. Den franske middagen blir som eit sakrament. Når Babette gir alt ho rår over i det eine måltiden, skjer det eit nyskapande under. I Babettes gjestebod smakar gjestene meir enn fransk vin. Dei smakar og kjenner at livet frå Guds hand er godt. Babettes gavne tiner opp frosne hjarte og frosne kroppar og frosne riter og tradisjonar. Konvensjonane fell, og då måltidet er over, dansar ei fornøya menighet ut i natta. Dei fell kvarandre om halsen, dei ber kvarandre om tilgjeving. Dei flyttar inn i kvarandre sitt hjarte på nytt.

Fordi eitt einaste menneske gav seg heil gjennom tenesta ved bordet.

Treng eg å seie så mykje meir om diakoni? Det er å lære å leve av Jesus og Babette! Det er å la seg overvelde av Evangelietts gavne og gi det vidare gjennom munn og hender og kva du måtte ha å bruke! Det er å sleppe «Jesusimpulsen», krafta frå Kristi kors, laus i ei eige liv, i kyrkja og samfunn.

### 3. Mulighet

No kunne alle problematiseringane komme. Er dette eit haldbart diakonisyn? Er det realisme i desse ideala? Er ikkje dette berre ein ny versjon av pietisme og svermeri? Og om det er nokre korn av sanning her – korleis skal disse haldningane omsettast til fagleg forsvarleg arbeid i menighet, diakoniinstitusjon – for ikkje å snakke om i samfunnets helse- og sosialomsorg?

Eg seier: La problematiseringane ligge – og be om det som Søren Kirkegaard kallar «mulighetens lidenskap!» Det vil seie: Å la seg fylle av sanninga og strekke seg mot det som enno ikkje er, det unrealistiske, det umulige, det som vi ikkje har sett før!

Kva kunne ikkje skje dersom diakonilevane, dei som no er i utdanningsinstitusjonane, blei fylt av den lidenskapen? De ville ha blitt ei kjempeutfordring, ja ein provokasjon mot alle ansvarlege diakonileiarer i kyrkja, skule, institusjon. Når eg ser tilbake på det beste i diakon- og diakonissetradisjonen, så ser eg noko av dette: Rastløyse og uro over at den faktiske kristne kyrkja ikkje framstår som tenande og samfunnsomveltande, *oppslutning om* visjonar om kva som kan skje dersom vi tek Jesu liv på alvor, stor kreativitet når det gjeld å finne nye, praktiske vegar som møter den faktiske nauda i verda. Pionerånd. Mange har kjent ein trong til å ta eit oppgjør med dei därlege sidene ved disse tradisjonane. Kanskje tida no er inne til å lære av det gode eksempl, ikkje akspetere inga sin tilstand, leite opp nauda der den er og svare på den utan å skjele til gamle løysningar. Medan ein hele tide frimodig auser av trua sine kraftkjelder.

### 4. Utfordring

Slik eg ser det manglar det ikkje på utfordring – det vil seie: Tydelege ytre kall til teneste, behov som ropar på menneske som vågar å leve som Babette, investere heile seg sjøl i staden for å sikre seg sjøl.

Aldri har det vore brukt større ressursar i samfunnets helse- og sosialomsorg i vår del av verda. Og samstundes talar ein om krisje og samanbrot i desse tenestene. Kvifor? Fordi vi manglar pengar? Ingen ønskjer seg mindre pengar, og pengar luktar ikkje. Men den viktigaste

mangelen ligg djupare: Vi maktar ikkje å utnytte dei menneskelege ressursane. Difor opplever vi eit indre forfall. I menighetsdiakonien. I dei diakonale institusjonane. I det offentlege. Ingen skal undre seg over at ein på nytt taler om kall, om evne til å bli ståande i ei hard og krevande teneste i eit samfunn som det blir stadig vanskelegare å overleve i. Dersom vi ikkje får til ei forandring her, dersom vi ikkje maktar å skape forståing for at livsens meiningsligg i motvinden, i korset, i kampen mot det vonde, i staden for ivaretakinga av personlege og profesjonsmessige interesser – då vil krisa berre bli djupare. Heilt til omsorgssystemet vårt bryt saman.

Kor kjem kallet frå? Kor er utfordringa sine kjelder? Det er med dei som med korsvegen – dei kjem innanfrå og utanfrå.

### Dei kjem utanfrå

Dei kjem frå verda. Frå krisa i omsorgssyrka og omsorgsinstitusjonane. Hallesbys parole for etableringa av kristne skular i trettiåra var: Fyll institusjonane! Den er i alle fall ikkje mindre gyldig i dag. Kyrkja kan knapt gi noko betre til samfunnet enn yrkesutøvarar som lever ut si tru trygt og tydeleg. For meg høyrer dette med til den alminelege diakonien så godt som noko. Kristne menneske er i sitt alminnelege yrkesliv ikkje mindre sendt av Gud enn dei som blir kalla til spesiell kyrkjeleg teneste.

### Dei kjem frå kyrkja

Og då tenkjer eg på kyrkja som konkret organisasjon og felleskap i samfunnet. Ei tid var ein svært optimistisk når det gjaldt menighetene sine muligheter til «forebyggande diaconi.» Lokalmenighetene, som levande fellesskap skulle fange opp og forebygge den nauda som samanbrot i det sosiale nettverket skapar.

Forts. neste side

## KRONIKK

Sanninga er vel ofte at kyrkja «skikkar seg lik med denne vera,» at det alminnelig nettverks-samanbrot også slår inn i menighetene og påverker deira omsorgsevne. Kan det tenkast eit tydelegere kall til diakoni?

Utdringane kjem frå kyrkja sine institusjonar. Ei undersøkjing av Olav H.A. Nordeng har vist at det kristne institusjonsarbeidet innan helse- og sosialsektoren i Norge har eit svært omfang. 244 institusjonar med tilsammen 8.200 stillingar og 9.900 klientplassar. Korleis er kvaliteten på det indre livet ved desse institusjonane? Ein prest ved ein av dei største diakoniinstitusjonane i Oslo sa i et intervju med Vårt Land: «På et sted som dette ville jeg ikke være.»

Ho var skremd. Ikkje fordi dei tilsette gjorde ein dårlig jobb. Men fordi så mange sier ved institusjonsdrifta bidrog til passivisering, umyndiggjering, indre død. *Det er dårlige vilkår for helbredande prosessar.*

Kven kjenner kallet til å leve som Babette, stille sitt liv til disposisjon i tilstivna institusjonar?

Utdringane kjem frå den verdensvide kyrkja. I boka «Åpenhjertlig om kirken» fortel Sigrun Møgedal, tidligare misjonær og no leiar ved vårt internasjonale senter på Diakonhjemmet, om sitt møte med kyrkja i Namibia. Ho opplevde eit glødande og lovsynande kyrkjefolk. Ho spurde: «Hvordan er denne gleden uten bitterhet og agresjon mulig blant et folk som i årevis har vært tråkka på og stadig undertrykkes med krig og vold?» Ein biskop nord i landet svara henne, med tålmod: «Er ikke troen i seg selv et mirakel? Vi ser det virkeligjort blant oss hver dag. Når kirken formidler Guds ord og tar det på alvor i sin fulle bredde, skapes levende tro. Troen bærer løftet i seg om at nye mirakler vil skje, med oss og rundt oss, her og nå og hver dag.

Derfor kan vi våge å se framover.» Også held Sigrun Møgedal fram: «Evangeliet slik det forkynnes i Namibia, handler om forsoning, fred, rettferdighet, tillit og samfunn med hverandre. Det kan ikke splittes opp. Det handler både om fred og forsoning med Gud, og fred og forsoning mellom mennesker.»

Høyrer du kva vi har å lære av kristne i Namibia? Kjenner du kallet til diakoni, til å bere kvarandre sin børder, i den kyrkja som ikkje kjenner nasjonale og rasemessige grenser?

**Utdringane kjem innanfrå**  
Dei kjem frå Guds røyst i sitt ord. Dei kristne i Namibia har latt seg forplikte av evangeliet som ordet om forsoning.

*Difor om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er bort, sjå det er kome noko nytt. Men alt dette er av Gud, han som forsonar oss med seg sjølv ved Kristus og gav oss forsoningstenesta. Så er vi då sendebod for Kristus, og det er som om Gud sjølv formanar gjennom oss: Vi bed i staden for Kristus, lat dykk forsoning med Gud.*» (2. Kor. 5,17-20).

Bli forsont, forkynn forsoninga, skap forsoning. Du som uforskyldt har teke imot Shalom, Guds fred – spreie Shalom! Kjenner du den ubrytelege eien-skapen mellom misjon og diakoni? Høyrer du kallet?

Utdringane kjem innanfrå i ditt eige liv. *Det er noko vi sjeldan tenker på.* Du har få betre kjelder til informasjon om kva dagens menneske treng *enn deg sjøl.* Sjølsagt treng vi den type samtidskunnskap som kjem frå samfunnsvitenskapane, psykologi/psykiatri, litteratur, – ja kunst og kultur i det heile. Men den viktigaste kunnskapen om dei djupaste behovna kjem frå deg sjøl. *Dersom du kjenner deg sjøl.* Vi strevar mykje i kyrkja. Med å nå det moderne menneske. Med å halde aktivitetane i det såkalla

menighetslivet oppe. Men der som vi berre held oss i den horisontale linja, vegen utover – då blir vi fort trøytte, utbrente. Og konsekvensane av det blir altfor ofte innkapsling av eiga sårbarhet, pansring av eige liv.

Vågar du gå innover i deg sjøl? Kjenne etter kva du saknar, lengter etter, drøymer om? Kjenne etter kva du er redd for? Kva det er som kan låse deg inne? Det er ein tøff prosess. Det er så mykje lettare å fortrenge signala frå det indre enn å lytte til dei og ta dei på alvor. Men vågar du, så opnar du også for ei heilt ny forståing av ditt medmenneske, med sin veikskap og sine lengsler. Og med det kjem det forfriskande nye perspektiv på kva diakoniens utfordring er.

### 5. Mot

Tør du å møte utfordringa? Tør du å opna deg for mulighetene til eit liv i teneste? Tør du å gi deg kjærleiken i vald, å leve som Babette? Tør du gå korsvegen?

Kva slags mot er det tale om? Ikkje den som kjem frå krampa: Eg må, eg bør, eg skal. Men motet til å sjå sanninga i augene og opne kropp og sinn og sansar for livet. Det handlar like mykje om mot til å misse ansikt, mot til å erkjenne veikskap – som mot til det høglytte ja til kallet. Den som ikkje kjenner sin motstand mot kallet, kan heller svare ja på det. Paulus sier: «Når eg er veik, då er eg sterkt.» Det motet du treng for å misse ansiktet, er det same som du treng for å gi deg sjøl heilt til kjærleiken. Den du sjøl er heilt avhengig av.

---

*Geir Gunderson er forstander ved Det norske Diakonhjem i Oslo. Han har tidligere vært prest i Tromsø og leder av Bibelselskapets Bibelaksjon.  
Adr.: Boks 23, Vinderen, 0319 Oslo 3.*